



Janne Yri held aerobic-balansen

Turngruppa er i gang på alle frontar og har skikkeleg vind i segla også denne hausten. Det gjeld ikkje berre idrettskulen som har delt seg i to etter stor oppslutnad, men også dei andre gruppene.

Til dømes møtte det fram 19 på siste aerobic-trening onsdag etter ein pen auke frå første treningskvelden

Aerobic-deltakarane har forresten fått ny instruktør, som heiter Hege V. Nytun og bur i Herøysund.

Idrettskulen har 30 deltakarar denne sesongen, det er ikkje minst resultat av store kull.

I step er det med rundt 15 og gymstick har hatt 12-14 deltakarar.

Hvis ein så reknar med at det stort sett kjem rundt 20 på småungepartiet, endar ein på rundt rekna 100.

Det er ein sum som leiinga i turngruppa er svært fornøgd med. Det betyr at rundt tiandeparten av uskedalingane deltek i turn-instruksjon! Er det nokon som slår det i Kvinnherad?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Innebandy er populært i idrettskulen